

Styrk velferda, ta vare på klima og natur

Program for Bømlo SV ved kommunevalet 2023



Miljøødelegging, klimakrise og aukande skilnader er dei store i utfordringane i vår tid. Renter og prisar på nødvendige varer og tenester aukar. Mange slit med å betala rekningane sine. Dette råkar dei svakaste i samfunnet hardast. Aukande økonomiske skilnader er ein av dei viktigaste grunnane til at makt blir samla på færre hender.

Fordeling handlar grunnleggjande om makt, makt over eige liv og makt til å påverka samfunnsutviklinga. SV vil jobba for meir rettferdig fordeling av makt mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar, mellom by og distrikt, mellom dei med store ressursar og dei med få. SV ønskjer eit samfunn der sjansane ikkje er avhengige av økonomisk styrke. Me stiller til val i Bømlo for å få ned skilnadene, styrkja velferda og kjempa mot klimaendringane og naturkrisa.

Bømlo SV ønskjer eit likestilt og anti-rasistisk Bømlo, der etnisitet, kjønn, kjønnsuttrykk og seksuell orientering, ikkje er avgjerande for kva sjansar du har. Me ønskjer eit inkluderande Bømlo, der alle kan delta utifrå egne føresetnader. SV ønskjer eit rettferdig og solidarisk Bømlo som og har blick utanfor vår eigen kommune og egne landegrenser.

Folkestyre og demokrati

Lokaldemokratiet byggjer på tillit mellom innbyggjarane og dei folkevalde. SV vil ha meir demokrati i kommunen, slik at innbyggjarane får ta direkte del i viktige avgjerder. I eit rettferdig og demokratisk samfunn har alle like sjansar og rettar til å leve frie og sjølvstendige liv. Å byggje eit demokratisk samfunn for alle, handlar om likestilling, likeverd og menneskerettar. Dette er verdiar som Bømlo SV vil kjempa for.

Arbeidarrørsla er også eit viktig fundament i demokratiet. I meir enn hundre år har arbeidarrørsla kjempa for eit rettferdig og anstendig arbeidsliv. Derfor treng me eit godt samarbeid med fagforeiningane.

Bømlo SV vil:

- styrkja Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet.
- ha eit aktivt samarbeid med ideelle organisasjonar.
- ha eit aktivt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane i Bømlo.
- arbeida for å senka stemmerettsalderen til 16 år ved val til kommunestyret.
- at kommunen skal ha ein aktiv seniorpolitikk, som legg til rette for at folk som vil og kan, får høve til å vere yrkesaktiv lengre.

Menneske, ikkje marknad

SV meiner velferdsstaten må byggjast vidare på fellesskap, solidaritet og sosial rettferd. God oppvekst, utdanning og omsorg skal ikkje vera butikk.



Skule og barnehagar

SV vil skapa ein ny og betre skuledag for elevane i grunnskulen. Me vil ha meir praktisk læring, meir kreativitet, kunst og kultur, meir fysisk aktivitet kvar dag, gratis mat og tid til å gjera øvingsarbeidet på skulen saman med læraren.

SV tar på alvor det stresset som mange barn og unge føler på i kvardagen. Derfor skal elevane ha leksefri når dei kjem heim frå skulen. Me vil ha mindre testing og nok kvalifiserte lærarar slik at det blir meir tid til oppfølging av kvar enkelt elev.

Bømlo SV vil:

At kommunen må ha ein plan for drift av barnehagane. Målet må vera at alle barnehagane vert drivne av kommunen eller ideelle organisasjonar. Barnehagar skal ikkje vera butikk at det må settast i gong forsøk med gratis skulemat - forsøk ved t.d. 2 skular for å sjå på organisering og økonomi.

- ha meir praktisk undervisning – meir søkelys på leik, læring og praktisk-estetiske fag.
- setja i gang forsøk med leksefri skule på Bømlo.
- ha meir fokus på trivsel og læring, og mindre vekt på nasjonale testar og prøver.
- styrkja innsatsen for elevar med særskilte behov.
- ikkje ha felles reglar for mobilbruk – skulane må få velja sjølve.
- ha krav om nynorsk på dei ulike læringsplattformane skulane nyttar.

Skulestruktur

Det er viktig med nærskule. Det fremmer god oppvekst at innbyggjarane har sterk og god tilknytning til skulen sin. Bømlo SV går inn for å vidareføra den skulestrukturen me har i dag, dersom elevgrunnlaget er til stades.

Natur, miljø, klima og energi

Bømlo må vere ein føregangskommune for klimatiltak. Me kan ikkje redde verda sitt klima åleine, men me må gjera vår del.

Bømlo SV vil ta vare på naturmangfaldet ved å:

- arbeida for eit arealrekneskap, der all særskilt verdifull natur blir kartlagt og verna.
- ha arealnøytralitet som kortsiktig mål, og naturpositivitet som eit langsiktig mål.
- verna 30 % av naturen for framtidig utbygging.
- ta på alvor at myr er viktig både for klima og naturmangfald – all myr må vernast.
- verna strandsona frå utbygging, og sikra desse områda for allmenn bruk og rekreasjon. Fritidsbustadar må ikkje byggjast i strandsona.
- Vurdera alle område som ikkje er tatt i bruk på nytt. Område som ble regulert til utbygging for lenge sidan, men som med dagens kunnskap om naturen sin tilstand, verdi og toleevne ikkje ville blitt godkjent for utbygging, må tilbakeførast til naturformål.
- verna matjord mot utbygging. Dersom dyrka mark vert fjerna, må målet vera ny dyrking av minst dobbelt så stort areal.
- stoppa dei omfattande planane for Hordfast, og heller satsa på trafikkisikring og trygge vegar.
- arbeida for at kommunale bygg skal vera klimavennlege, og at energisparing må vera sentral i all drift. Nye bygg må vera nullutsleppsbygg.
- vurderer å gje kommunalt tilskot til innbyggjarar som vil byggja klimavennleg.
- gjera sakshandsaminga enkel og gebyrfri ved installasjon av solcellepanel i bustadar.
- stansa fiske av leppefisk, til ein har fått forska på konsekvensane av slikt fiske.
- ha eit godt kollektivtilbod, slik at me alle kan komme fram på ein enkel, rimeleg og miljøvennleg måte.
- seia nei til landbaserte vindmøller.
- at utbygging av havvind må ta omsyn til miljø og fiskeri.
- seia nei til elektrifisering av oljeplattformer med landstraum.

“Naturmangfaldet på Bømlo er det berre me som kan ta vare på”

Helse og eldreomsorg

Helse og eldreomsorg vil bli den største utfordringa i tida som kjem. Auka tal på eldre og mangel på helsefagarbeidarar er ei stor utfordring.

Skal me oppretthalda gode helsetenester og god eldreomsorg, er me avhengige av dyktige tilsette. Dette krev at me har ein god arbeidsgjevarpolitikk. Sjukeheim vil i framtida vera eit tilbod for menneske med trong for omfattande helsehjelp. Eit slikt tilbod er så ressurskrevjande at det er realistisk med berre ein sjukeheim i Bømlo.

Bømlo SV vil:

- auka grunnbemanninga, for å minske belastninga på helsearbeidarane.
- lysa ut heile og faste stillingar for alle yrkesgrupper, slik at folk kan vere økonomisk uavhengige.
- gi garanti for lærlingplassar og faste heiltidsstillingar for elevar som tek helsefag.
- arbeida for fleire dagaktivitetsplassar slik at eldre kan få eit betre sosialt liv.
- ha bufellesskap med personalbase 24 timer i døgnet på Moster og Langevåg.
- sikra gode aktivitetstilbod for eldre. Dette kan gjerast i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- satsa meir på rehabilitering og førebyggjande helsearbeid, slik som ergo- og fysioterapitenesta.
- styrkja den psykiske helsetenesta i kommunen, og ha tilbod på Nyving til innbyggjarane 5 dagar i veka.
- ha eit fullverdig lokalsjukehus på Stord.
- at alle velferdstenester må vere driven av offentlege eller ideelle organisasjonar.
- arbeida for å styrkja skulehelsetenesta.
- prioritera arbeidet med å få på plass, og halda på fastlegar i kommunen.
- at kommunen arbeidar aktivt mot vald i nære relasjonar.
- at kommunen skal arbeida for å gjera krisesenter og overgrepsmottak betre kjende.
- at kommunen skal ha eit reelt, langvarig butilbod for valdsutsette.

Likeverd

Alle skal ha lik rett til utdanning, arbeid og velferdsgode, uavhengig av funksjonsevne, kjønn, seksuell legning, etnisitet og religion. Alle skal ha fridom og trykkleik til å vere den dei er og elska den dei vil, utan fare for å bli diskriminert eller trakassert.

Bømlo SV vil:

- styrkja kjennskap og kompetanse på ulike seksuelle orienteringar og kjønnsuttrykk for helsepersonell og tilsette i skoleverket.
- at kommunen skal bidra til gode haldningar og kunnskap om kjønnsroller gjennom aktivt haldningsskapande arbeid i skular og barnehagar, slik at alle barn kan voksa opp med tryggleik og fridom til å ta sine egne val.
- leggja til rette for garderobar for transpersonar i offentlege bygg.
- at menneske med utviklingshemming skal kunne delta i samfunn og arbeidsliv akkurat som alle andre. Kommunen skal arbeida for å skaffa arbeidsplassar for utviklingshemma og andre som av ulike årsaker har ei funksjonshemming. Meiningsfylt arbeid skal vera ein rett for alle.
- at kommunen skal leggja til rette for at personar med utviklingshemming kan få jobb i kommunen.
- at flyktningar og andre innvandrarakar skal møte eit inkluderande miljø og sikrast nøytrale og gode møteplassar.
- at kommunen skal arbeida for å skaffe varige arbeidsplassar til flyktningar og andre innvandrarakar.

Kultur

Kultur har ein stor eigenverdi, og SV ønskjer i ein mangfaldig og inkluderande kulturpolitikk. Offentlege midlar må brukast på å fremma kultur som ikkje kan finansierast av marknaden åleine.

SV arbeidar for eit rikt og breitt kulturliv, der alle som vil får sjanse til å skapa og uttrykkja seg i det frivillige kulturlivet, og der alle har tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet. Ein aktiv offentlig kulturpolitikk er nødvendig for at det skal eksistera eit breitt kunst- og kulturliv.

Frivillige organisasjonar er eit viktig bidrag til demokrati og lokalt kulturliv. Utan frivillige organisasjonar og enkeltpersonar som jobbar frivillig, vil mange viktige aktivitetar og tenester i Noreg rett og slett stoppa opp. Derfor ønskjer SV å gi frivillige organisasjonar gode

og føreseielege rammevilkår og stimulera til vekst og utvikling i frivillig arbeid på eigne premiss.

Bømlo SV vil:

- at kommunen skal støtte opp om det store kulturelle mangfaldet som finst i kommunen. Eit godt kulturtilbod er viktig for å skape trivsel, kreativitet, gode opplevingar og utfordringar.
- at kommunen må hjelpa kulturlivet i kommunen med å skaffe høvelege lokale til kunstutstillingar og andre typar kulturverksemder.
- ha ei styrking av kulturskulen i kommunen, som eit viktig bidrag til eit godt oppvekstmiljø.
- satsa på meir kultur i skulen, den kulturelle skolesekken o.a.
- leggja til rette for ei sterk og sjølvstendig frivillig sektor.
- at kommunen skal ha ein god språkpolitikk. Bømlo er ein nynorsk kommune, og må ha ein språkpolitikk som fremmer bruk av nynorsk i skule, barnehagar, kommunale verksemder og samfunnet generelt.

Idrett

Alle menneske skal ha moglegheit til å delta i idrett og vere fysisk aktive gjennom heile livet. Fysisk aktivitet og idrett styrkjer den psykiske og fysiske helsa for den einskilde, og skapar samhald og glede for fellesskapen.

Bømlo SV vil:

- arbeida for auka tilbod på uorganisert trening og møteplassar gjennom å støtta lågterskeltilbod, som opne fleirbrukshaller, skateparkar, felles uteområde og ungdomsklubbar.
- arbeida for gode rammevilkår for frivillig innsats i idretten, og sikra eit godt idrettstilbod i heile kommunen.
- støtte BUA Bømlo, og vidareføra fritidskortet i Bømlo.
- synleggjera lokale støtteordningar for idrettslag og fritidstilbod.

Næring

Bømlo har eit variert og nyskapande næringsliv. SV vil at kommunen skal leggja til rette for ei vidare utvikling av dette. Det viktigaste kommunen kan gjera for næringslivet, er å tilby gode velferdsordningar, bustadområde og oppvekstvilkår i kommunen. Kommunen må ha særskilt søkjelys på klima- og miljøvennleg næringsliv. Reiselivsnæringa må og vera miljøbevisste og satsa på naturbaserte opplevingar, bidra aktivt til natur- og kulturvern, ta omsyn til lokal kultur, gje noko tilbake til lokalsamfunnet, formidla kunnskap om miljø og følgja miljøprinsipp i drifta av verksemda.

Bømlo SV seier:

- ja til verksemdar som arbeider for miljøvennlege prosjekt. Me må bli mindre avhengige av oljeindustrien, og i større grad satsa på alternative produkt og energiformer.
- ja til verksemdar som satsar på å utvikla og produsera miljøvennlege produkt.
- ja til kortreist mat. Kommunen må leggja til rette for produksjon og sal av lokalt dyrka mat.
- ja til ei rein og miljøvennleg oppdrettsnæring. Bømlo spelar ei viktig rolle i norsk havbruksnæring. SV ønskjer ei forsvarleg vidareutvikling av denne næringa med omsyn til miljøet. Nye konsesjonar må ikkje bli gitt før problema med lus, rømming og miljøforureining er under kontroll. Om naudsynt må det etablerast anlegg fjernast for å sikre reine fjordar.
- ja til reiselivsnæringa som satsar på økoturisme.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er nødvendig for å oppretthalda eit godt velferdstilbod i kommunen. Kutt i eigedomsskatt gjev kutt i velferdstilbod.

Bustad og senterstruktur

Større utbyggjingar må skje i nærleik av allereie utbygd infrastruktur, nær kommunesenter/lokalsenter. Men det må framleis vera høve til å byggja enkelt bustader i LNF område. Ei satsing på lokalsentra vil vere eit svært viktig klimatiltak. All utbyggjing bør vera med heimel i arealplan og minst mogleg etter dispensasjonar.

Bømlo SV vil:

- rehabilitera gamle BUS til nytte for ålmenta. Ein bør vurdera samlokalisering av t.d. Nyving, Basen og Aktivitetstunet der. Alternativet er nybygg på BUS-tomta.
- at det må byggjast ny skule på Våge.
- satsa på sjønære nærings- og friluftsområde.
- satsa på sjønære bustadsområde. Strandsona ved slike bustadområde må vera friluftsområde som er opne for bruk av alle.
- at alle nye byggjefelt bør vera i gang-/sykkelavstand til kommunesenter/lokalsenter.
- satsa på møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar i alle lokalsentra.
- sikra at lokalsentra ikkje blir svekka.
- framskynde arbeidet med ein overordna plan for Svortland sentrum.

Godt val! Røyst SV!